



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

LÆGREID SKULE



Veke 11, 10.03 – 13.03.08



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Lægreid skule er ein 1. – 10. skule med 108 elevar. Dette er den einaste skulen i Eidfjord kommune. Det er seks – sju nasjonalitetar på skulen. Dette skuleåret er det ein klasse på kvart trinn. Skulen har 27 tilsette der 22 er pedagogisk personale. Skulen har eit stort uteområde og tilgang til idrettshall.

3 – Vurderingstema

Lægreid skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Vurdering med fokus på arbeid med læringsmål og tilbakemelding til elevane

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ol style="list-style-type: none">1. leiinga tar initiativ til kunnskapsdeling og metodedrøfting på tvers av bolkane2. skulen har system for nødvendig kompetanseheving3. personalet er opne for endringar4. lærarane har formell-/realkompetanse i dei faga dei underviser i5. skulen har eit tilfredsstillande system for informasjonsformidling6. dei tilsette søker sjølv informasjon7. lærarane på kvar bolk samarbeider om utforming av læringsmål og vurderingskriterier
Læraren gir fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmåla	<ol style="list-style-type: none">1. skulen har felles retningslinjer for vurdering av elevar på dei ulike trinna2. skulen har system for kva som skal dokumenterast av den enkelte elev si læring3. lærar kartlegg systematisk elevane sin kompetanse4. eleven får tilbakemelding undervegs i læringsprosessen5. tilbakemeldingar er positive i forma og



<i>Kriterium</i>	<i>Teikn på god praksis</i>
Eleven er involvert i vurderinga av eige arbeid	<p>aukar motivasjon for vidare læring</p> <ol style="list-style-type: none">6. tilbakemeldingar inneheld konkrete forslag til forbetring7. tilbakemeldingar skildrar grad av måloppnåing8. tilbakemeldingar inneheld konkrete forslag til forbetring9. lærar gjennomfører utviklingssamtalar10. det vert gjennomført to elevsamtaler i året der vurdering av eleven si faglege og sosiale utvikling er tema
Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve til læringsmåla	<ol style="list-style-type: none">1. eleven får tilpassa læringsmål2. læringsmåla er konkrete, presise og målbare3. eleven kan velja oppgåver, vanskegrad, arbeidsmengd og arbeidsmåte4. eleven får opplæring i å vurdere eige arbeid5. eleven får høve til å vurdere eige arbeid6. eleven kjenner læringsmål og vurderingskriterium7. eleven veit korleis han vert vurdert
	<ol style="list-style-type: none">1. skulen orienterer dei føresette om læringsmål og vurdering2. føresette får informasjon om læringsmåla3. føresette får informasjon om undervegsvurdering mellom foreldresamtalane4. føresette får fagleg tilbakemelding på eleven sitt arbeid på foreldresamtalane5. føresette opplever foreldresamtalen som nyttig og at han gir informasjon om korleis barnet deira ligg an fagleg og sosialt6. føresette opplever at det er lett å ta kontakt med skulen

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Alle elevane, ped.personale, foreldre(klassekontaktar) og skuleleiinga
- Eksterne: Hanne Sandvik og Rannveig L. Alvsåker
- Hospitantar: Elisabeth Skjellum og Ragnhild Berntsen



6 – Tidsbruk

Tidsplan for vurdering på Lægreid skule veke 11, 2008

Veke - dag	TILTAK	ANSVAR
Des 07	Skulen melder inn vurderingstema	Rektor
Månd 4.02	Vurderarane møter rektor m.fl. på skulen kl 14.15. Me går gjennom tidsplanen og gjer avtalar.	Begge partar
Veke 7	Vurderarane lagar framlegg til glansbilete og sender rektor og hospitantar	Vurderarane
Veke 9	Rektor diskuterer framlegg til glansbilete med personalet og sender tilbakemelding til vurderarane på e-post	Rektor
	Hospitantar gir tilbakemelding til framlegg til glansbilete	Hospitantar
Veke 9 / 10	Vurderarane lagar kvar sine påstandsskjema til lærarar og elevar på 8. – 10.tr.og sender Liv, kopi til rektor	Vurderarane
Veke 10	Lærarar og elevar fyller ut påstandsskjema. Vurderarane får oppsummeringa elektr.	Rektor
	Rektor sender ut informasjon til foreldre	Rektor
	Vurderarane lagar kvar sine samtaleguidar og sender dei til hospitantane.	Vurderarane
	Rektor lagar tidsplan og set opp namnelister for dei ulike samtalanene. Rektor kallar inn til møte med klassekontaktar / FAU (månd.10.mars kl 18 – 19)	Rektor
Veke 11	Vurderingsveka	
Måndag Kl 15	Vurderarar og hospitantar møter rektor. Saker: Gjennomgå tidsplan Gjere klar rom til samtalanene Vurderarar og hospitantar fordeler oppgåver, planlegg foreldremøtet og finpussar samtaleguidar Foreldremøte kl 18 - 19	Alle
Tysdag	Vurderarar og hospitantar møter personalet kl 08.15 Kort møte med rektor før observasjon og samtalar Arbeid med rapport	Vurderarane
Onsdag	Kort møte med rektor før observasjon og samtalar Arbeid med rapport	
Torsdag	Arbeid med rapport Møte med skuleleiinga kl 13	
Kl 14.15	Presentasjon av rapportframlegg Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema	Vurderarane
Veke 12 - 15	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida	Vurderarane
	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til ein av vurderarane som videresender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre	Rektor



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen hadde ein god samtale omkring glansbiletet og godkjende dette med nokre endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. På Lægreid skule fekk lærarane og elevane på ungdomssteget slike skjema. Desse vart fylt ut og returnert til vurderingsparet.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle gruppene/klassane på skulen



8 – Skulen sine sterke sider

- **Opne og vennlege**

Elevar og personale på Lægreid skule er opne og vennlege. Dei har ein positiv haldning til læring og til kvarandre. Dei har ein god tone seg i mellom.

- **Uteområde og aktivitetstilbod**

Skulen har gode uteområde for elevane. Her finst ballbinge, skogsområde, grusbane og grasbane. Skulen tilbyr mange aktivitetstilbod i pausane. Dei har studietime i friminuttet, høve til å bruka idrettshallen og hyggelege sofaer dei kan slappe av i. Elevane er godt nøgde med områda og tilboda.

- **Vekeplanar**

Lærarane gir ut gode vekeplanar med mykje informasjon, mange med læringsmål. Dei er tiltalande med illustrasjonar som høver til innhaldet. Det syner at lærarane legg ned mykje arbeid i utforminga av desse. Foreldra meiner det er gode vekeplanar med mykje informasjon.

- **Dyktige lærarar**

Lægreid skule har dyktige lærarar med god kompetanse. Både elevar, foreldre og leiing er nøgde med lærarane og synes dei gjer ein god jobb. Dei er godt kvalifiserte. Lærarane veit kva dei skal gjera og er pliktoppfyllande.

- **Gode planar**

Skulen har utarbeidd mange og gode planar. Dei har m.a. verksemdsplan, sosialplan og felles levereglar for personalet.

- **It`s learning**

Både lærarar og elevar er nøgde med It`s learning. Det er tatt mest i bruk frå 7. klasse og oppover. Dei arbeider godt med programmet og har sett seg inn i det slik at det gir god utteljing. Fleire lærarar nemner dette som eit av dei mest vellukka pedagogiske utviklingsarbeid dei har hatt. Foreldra meiner dette er ein stad dei kan få tilgang til informasjon frå skulen.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

1. Utvikla skulen som lærande organisasjon

I ein lærande organisasjon er det viktig at det vert lagt til rette for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling. Leiinga må laga rom og rutinar slik at personalet på tvers av bolkanane kan drøfta og reflektera over utfordringar og eigen praksis. Det kan t.d. vera korleis tema som vurdering, læringsmål og tydeleg klasseleiing påverkar kvarandre.

I personalet er det stor kompetanse på mange felt, det gjeld berre å dela kunnskapen og å gjera kvarandre gode. Kvar bolk vert utfordra på å rettleia og hjelpa kvarandre med utforming av konkrete, relevante og målbare læringsmål. Likeeins er det viktig å drøfta og få ei felles forståing av kva som er tydeleg og god klasseleiing.

Skuleleiinga har eit overordna ansvar for å fylgja opp arbeidet i bolkanane og sjå til at gode idear og god praksis kjem til nytte på heile skulen.

2. Felles fokus på læring

Formulering og bruk av læringsmåla er eit utviklingsområde. Elevane må ha klart for seg kva læringsmål dei jobbar med til ei kvar tid. I

Lærarane er godt i gang med å formulera læringsmål på vekeplanane, men dei arbeider kvar for seg og diskuterer lite med andre lærarar om læringsmåla for sin klasse. Vi ser at dei har ulik oppfatning av kva eit læringsmål skal vera.

Elevane veit kor læringsmåla står, men har problem med å forklara nytten av dei. Å sjekka kva dei skal lesa til prøven, nemner somme. Få elevar kan hugsa kva som er læringsmål denne veka. Læringsmåla har ein større verdi og plass enn å vera eit hjelpemiddel til prøver.

Vi har knapt høyrte at lærarane nemner læringsmåla i timane. Elevane startar ofte rett på oppgåvene utan ein felles introduksjon. Ei meir tydeleg klasseleiing vil gi læraren høve til å setja fokus på læring. Nokre få stader har vi sett at somme av læringsmåla er sett opp på veggen i ei eller anna form.

Foreldra er medvitne om at dei finn læringsmåla på vekeplanen, men elevane seier at dei aldri snakkar med foreldra om læringsmåla. Dette er ein utfordring til foreldra som lærarane bør formidla vidare. Foreldra etterspør korte tilbakemeldingar mellom kvar konferansetime, slik at dei betre kan følgja med på læringsarbeidet. Det å følgja med på læringsmål og måloppnåing, er eit eineståande høve for foreldra til å ta del i elevane si utvikling og læring.

Vi ser mange timar der elevar og lærarar berre har fokus på det som skal gjerast. Elevane er opptekne av å bli ferdige med planen. Vi har sett at elevar som er ferdige med oppgåvene ventar opp til 15-20 minutt før dei får nye arbeidsoppgåver. Vi får eit inntrykk av at "gjering er viktigare enn læring". Ei tilpassing av arbeids/vekeplanane ville auka "læringstrykket" for mange elevar.



3. Elevsamtalen

Som ledd i vurderinga står elevsamtalen sentralt. På Læg Reid skule har dette vore ein del av vurderinga også før kunnskapsløftet. Kvart år skal det gjennomførast to elevsamtalar. I glansbiletet nemnast det også at desse samtalanene skal gi ei vurdering av eleven si faglege og sosiale utvikling. Gjennom samtalar med både elevar og lærarar kan det sjå ut til at dette blir ulikt praktisert.

"Kjært barn har mange namn", dette gjeld også desse samtalanene. Her treng skulen ei opprydding i omgrepa. Både elevsamtalar, utviklingssamtalar og fagsamtalar blir nytta. Dette er noko det pedagogiske personalet må bli samde om slik at alle brukar same omgrep.

I følgje kunnskapsløftet og forskrift til opplæringslova skal elevane kunne vurdere seg sjølv. Våre samtalar kan tyda på at elevane har lite eller inga opplæring i å driva med eigenvurdering. Elevsamtalen vert ein viktig arena der elevane kan vurdere seg sjølv i lag med lærar.

I nokre klassar blir logg nytta, det er ein metode som ein gjerne kan bruka, men då i tillegg til anna form for vurdering.

Som nemnd tidlegare i dette avsnittet, blir elevsamtalanene ulikt praktisert. Vi oppmodar leiinga til å leggja føringar til innhald, organisering og frekvens. Samtalanene bør vere prega av fagleg fokus knytt til læringsmåla framfor det sosiale.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Læg Reid skule 13.03.08

Rannveig I. Alvsåker
Namn vurderar

Hanne Sandvik
Namn vurderar



Vedlegg 1

Samtaleguide elevar

1. Kva er det beste med Lægreid skule?
2. Korleis er et læringsmål?
3. Korleis brukar de læringsmåla?
4. Er læringsmåla dei same for alle?
5. Korleis får de tilbakemelding av lærare?
6. Korleis er det å bli vurdert av lærer?
7. Korleis får de opplæring i å vurdere eige arbeid?
8. Fortel korleis utviklingssamtalen fungerer.
9. Korleis er det å bli vurdert av læraren?
10. Korleis får de tilbakemelding av lærare?
11. Kva nytte har de av vurderinga frå lærarane?
12. Kan de velja vanskegrad på vekeplanen?
13. Kan de velja korleis de vil arbeida med lærestoffet?
14. Veit de kva som skal til for å få t.d. karakteren 5 eller 6?



Vedlegg 2

Samtaleguide lærarar

1. Korleis praktisere de kunnskapsdeling og metodedrøfting på tvers av bolkanene?
2. Korleis arbeider de best med pedagogisk utviklingsarbeid her på skulen?
3. Korleis samarbeider de om utforming av læringsmål og vurderingskriterier?
4. På kva måte kartlegg de elevane sin kompetanse?
5. Sei litt om korleis de legg opp og gjennomfører utviklingssamtalen.
(Kva tema har dei i denne samtalen? Har de ein fast mal som følgjer for dess samtalanene?)
6. Korleis blir vurderinga brukt for å legge til rette for tilpassa opplæring?
7. Korleis kan foreldra best støtte eleven og læringsarbeidet?
8. Kva rutinar/system har skulen for vurdering?
9. Korleis har de kome fram til desse systema?
10. Brukar de tid til refleksjon over vurderingspraksisen?



Vedlegg 3

Gruppeoppgåver foreldre

1. Set opp punkt som de meiner Læg Reid skule er flink til
2. Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til
3. Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til
4. Korleis får de informasjon om læringsmål og vurdering?
5. Korleis opplever de foreldresamtalen med tanke på informasjon om korleis barnet deira ligg an fagleg og sosialt?



Vedlegg 4 Påstandsskjema

Påstandsskjema for ped.personale, Lægreid skule

Vurderingstema: Vurdering med fokus på arbeidet med læringsmål og tilbakemelding til elevane

Eg underviser mest på trinn 1 – 4 , trinn 5 –7 , trinn 8-10 (Set kryss!)

Påstand	Ueinig					Einig 5
	1	2	3	4		
Leiinga tar initiativ til kunnskapsdeling/metodedrøfting på tvers av teama						
Eg er open for endringar						
Eg har kompetanse i dei faga eg underviser i						
Eg søker sjølv informasjon på arb.plassen						
Eg samarbeider med andre lærarar om utforming av læringsmål, vurderingskriteria og vurderingsresultat						
Skulen har felles retningslinjer for kva som skal dokumenterast av eleven si læring						
Eg gir tilbakemeldingar som er positive i forma for å auka motivasjonen for læring						
Tilbakemeldingane inneheld konkrete forslag til forbetring						
Eg gjennomfører hyppige utviklingssamtalar med den einskilde eleven						
Eg set opp konkrete, presise og målbare læringsmål						
Dei føresette får noko fortløpande informasjon om eleven si måloppnåing						



Påstandsskjema for elever, Lægreid skule

Vurderingstema: Vurdering med fokus på arbeidet med læringsmål og tilbakemelding til elevane

Eg går i 8. 9. 10. (sett kryss)

Påstand	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Eg får munnleg og/eller skriftleg tilbakemelding undervegs i læringsprosessen					
Tilbakemeldingane frå lærar er positive i forma og aukar motivasjon for læring					
Tilbakemeldingane inneheld konkrete forslag til forbetring					
Eg har ofte utviklingsamtalar med lærar					
Læringsmåla er konkrete og målbare					
Eg får tilpassa læringsmål					
Eg får av og til velja oppgåver, vanskegrad, arbeidsmengd og arbeidsmåte					
Eg får opplæring i å vurdere eige arbeid					
Eg vurderer eige arbeid i mange fag					
Eg kjenner eigne læringsmål og kriteria for måloppnåing					
Eg får arbeidsro i timane					
Eg er trygg på dei andre i gruppa mi (klassen)					